



Notat

Til:

Åse Ingebjørg FlatelandTeknisk - arealplan

Vår ref:
2024/520-12

Sakshandsamar:
Vidar Homme, 37937500
vidar.homme@valle.kommune.no

Arkivkode:

Dato:
01.03.2025

OPPSUMMERING AV HØYRINGSSVAR TIL PLANPROGRAMMET

Høyringspart:	Høyringssvar:	Kommentar:
Agder fylkeskommune	<p>Fylkeskommunen er positive til planprogrammet og forenklinga som inneber at kommunen tek stilling til andre planbehov etter revidert samfunnsdel.</p> <p>Fylkeskommunen tilrår å vurdere korleis hovudutfordringane utpeika i regionplan 2030 kan setjast i lokal kontekst i løpet av planarbeidet:</p> <p>“Me må redusere klimagassutslepp og sikre naturmangfald, samstundes som me skal utvikle regionen med industri, næring, bustad, infrastruktur og produksjon av rein energi. • Behovet for arbeidskraft er stort, samstundes står mange utanfor arbeidslivet. • Innsatsen for barn, unge og eldre må aukast, men handlingsrommet i offentleg sektor blir mindre.”</p> <p>Fylkeskommunen ynskjer at klimakonsekvensane av arealbruksendringar kjem tydelegare fram, til dømes som del av tematikken arbeidsplassar.</p> <p>Fylkeskommunen tilrår at ein drøftar naudsynte strategiar for korleis Valle skal</p>	<p>Med berekraft som gjennomgåande tema vil dette vere ein del av arbeidet med dei ulike fokusområda; folkehelse, arbeidsplassar, bulyst og beredskap.</p> <p>Jf kommentaren over. Med berekraft som gjennomgåande tema i alle fokusområda vert dette ein del av arbeidet.</p> <p>Viktig innspel som er relevant på fleire av fokusområda;</p>

	<p>tilpassa seg eit samfunn med vesentleg fleire eldre.</p> <p>Tilråding om å vurdere strategiske spørsmål om energi som del av planarbeidet.</p> <p>Positiv til at det vert utarbeidd arealstrategi som grunnlag for revisjon av arealdelen i kommuneplanen, og at dette bør take utgangspunkt i arealrekneskapen.</p> <p>Fylkeskommunen ber Valle kommune om å take omsyn til ransonene for villrein i arealstrategien i kommuneplanens samfunnsdel.</p>	<p>folkehelse, arbeidsplassar og bulyst.</p> <p>Ikkje peika ut som fokusområde, men naturleg del av arbeid med arbeidsplassar. Valle er ein kommune med mykje vasskraftutbygging, og potensialet for meir vasskraft og utbygging av vindkraft vert ikkje vurdert som aktuelt.</p> <p>Innspel til utforminga av arealstrategien, dette er aktuelt seinare i planprosessen.</p>
Statsforvaltaren i Agder	<p>Positiv til at Valle deltek i det pågående utviklingsarbeidet om samfunnsdel og planstrategi. Har ikkje vesentlege merknader til framlegg til framdriftsplan og innretning av arbeidet. Svært positiv til berekraft som gjennomgåande tema.</p> <p>Statsforvaltaren gjev i tillegg nokre innspel og tilrådingar til drøftingane som skal gjerast i arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen. Demografi, klima og natur vert peika på som dei tre mest grunnleggjande stikkorda for kommunane i Agder.</p> <p>Peikar på behovet for ein god langsiktig arealstrategi i samfunnsdelen som verktøy for å handtere arealkonfliktar.</p> <p>Statsforvaltaren er positiv til at folkehelse er vald ut som fokusområde, men minnar om at folkehelseperspektivet skal vere gjennomgripande i alle delar av planarbeidet.</p> <p>Etterlyser ein folkehelseoversikt som grunnlag for å fastsetje mål og strategiar for folkehelsearbeidet.</p>	<p>Innspela til sjølve planarbeidet vert vurderte seinare i planprosessen.</p> <p>Viktig innspel til planprogrammet, folkehelseperspektivet skal vere gjennomgripande på alle områda ein skal arbeide med i planen.</p> <p>Forsinkar på grunn av vakansar i helsesamarbeidet, men vert lagt fram no i samband med planprogrammet.</p>

	<p>Folkehelsestrategien for Agder 2028-2025 er oppheva.</p> <p>Statsforvaltaren oppmodar Valle kommune om å gjere grundige vurderingar og ha gode drøftingar med bakgrunn i nasjonale og regionale føringar i arbeidet med arealstrategien.</p> <p>Peikar på viktigheita av å sikre medverknad i form av politiske verkstader, råd og utval. Informasjon og opplæring må utfoma på ein alderstilpassa måte.</p>	<p>Innspel til sjølve planarbeidet som vert vurdert i arbeidet med arealstrategien.</p> <p>Det vert lagt opp til politiske verkstader og involvering av råd og utval. Tilpassa informasjon og metodikk er eit sentralt poeng.</p>
NVE	<p>Føreset at kommunen i ROS-arbeidet nyttar oppdatert kunnskap om fare for flaum, skred, erosjon og overvatn.</p> <p>Oppmodar kommunen om å vurdere oppheving eller endring av vedtekne planar med utgangspunkt i oppdatert kunnskap om klimaendringar, naturfare og vassdragsmiljø.</p> <p>Har fleire innspel som understrekar betydninga av å setje av tilstrekkeleg areal og ha god arealplanlegging i arbeidet med å handtere naturfare.</p> <p>Peikar på at arealstrategien bør skissere ei tydeleg retning på korleis samfunnet skal tilpasse seg naturfare på lang sikt.</p> <p>Arealstrategien bør ha som mål å unngå utfylling i vassdrag.</p> <p>Minnar om rikspolitiske retningslinjer som gjeld for verna vassdrag i kommunen.</p> <p>Oppmodar kommunane til å vurdere korleis planarbeidet kan leggje til rette for ny fornybar kraftproduksjon, samlokalisering av verksemd med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme og effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar.</p>	<p>Innspel til arbeidet med å utarbeide ROS-analyser.</p> <p>Innspel til arbeidet med å utforme arealstrategi og etterkvart arealdelen i kommuneplanen. Vert vurdert i samband med dette. Jf kommentar ovanfor.</p> <p>Innspel til arbeidet med å utforme arealstrategi. Vert vurdert i samband med dette.</p> <p>Same som førre kommentaren.</p> <p>Innspel til fokusområdet som omhandlar arbeidsplassar og berekraft som gjenngåande tema.</p>

	<p>Kommunen kan søkje NVE om økonomisk støtte til kartlegging og sikring mot naturfare.</p> <p>Minnar om plikta til å melde inn nye naturfareutgreiingar til NVE.</p>	
Statens vegvesen	<p>Ny bustad- og næringsutvikling bør lokaliserast der forholda ligg til rette for å minimere biltrafikken.</p> <p>I Nasjonal transportplan er det sett mål om at 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Barn og unges skule- og fritidsvegar skal vere trafikksikre, trygge og attraktive.</p> <p>I tettstadene i kommunen vil det vere viktig å leggje til rette for gode miljø, der ein kan ferdast trygt til fots og med sykkel, slik at ein kan minimere bruken av bil.</p> <p>På grunn av klimaendringane kan mange hendingar oppstå, som ras og flaum, på grunn av ekstremvær. For å lukkast med samfunnssikkerheit og beredskap er eit godt samarbeid med andre beredskapsaktørar nødvendig, konkret gjeld dette riksveg 9 for Statens vegvesen sin del.</p>	<p>Innspel som bør vurderast i arbeidet med å utforme arealstrategien.</p> <p>Innspel til fokusområde, bulyst, folkehelse og arealdelen.</p> <p>Innspel til fokusområde bulyst og folkehelse.</p> <p>Innspel til fokusområde beredskap. Naturleg at det er dialog med Staten vegvesen i planarbeidet, og slik sikre medverknad på dette området.</p>

Med helsing

Vidar Homme
Kommunedirektør

Interne kopi:
Magnus Berg

Teknisk avdeling

